



Sindre og Renate F. Hopland
Flatøyvegen 86
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/688 - 16/13674

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
07.07.2016

GBNR 1/1 - Tilbakemelding knytt til klage på støy

Administrasjonen viser til skriv dagsett 22.6.2016 knytt til høvesvis naboklage vedrørende støy og oppfølging av søknad om jordtipp.

Formålet med føreliggjande skriv er avgrensa til å klarleggje tilhøvet til plan- og bygningslova. Tilhøvet til folkehelselova, støvforskrift og arbeidsmiljølov er ikkje vurdert.

Saka gjeld:

Saka er knytt til arbeid med utbetring av E39 over Flatøy. Statens vegvesen er byggherre og overordna ansvarleg for prosjektet. Implan er engasjert av Statens vegvesen ved gjennomføring av arbeidet. Arbeidet starta sommaren 2014 og er venta å vere avslutta i oktober 2016.

Plan- og lovgrunnlag:

Det aktuelle arealet er delvis omfatta av reguleringsplan for *E39 Flatøy – Midtdelar* (arealplanid 125620110007). Delvis er det aktuelle arealet avsett som LNFR-område gjennom kommuneplanen sin arealdel. På dette arealet har det tidlegare vore godkjent jordtipp/massedeponi, jf nedanfor.

Arealet som er omfatta av reguleringsplanen er vist som bestemmelserområde; anlegg- og riggområde, jf pbl § 12-7. I planføresegn § 2.3 (avgrensing av planen) framgår følgjande [utdrag]:

«I tillegg til naudsynt varig erverv er det også lagt inn 'bestemmelsesområde for anlegg og drift'. Dette for å sikre at prosjektet lar seg gjennomføre innanfor planens avgrensing. Desse områda går anten tilbake til dei føremåla dei er regulert til i tidlegare planar, eller til 'LNF-område – landbruk' når planen er gjennomført.»

Og vidare i føresegn § 7 (bestemmelsesområder):

«Områda som er markert som mellombels anlegg- og riggområder i plankartet, er areal som kan nyttast i samband med utbygging av veganlegget og tilstøytande areal som er omfatta av denne

reguleringsplanen. Når det ikkje lengre er naudsynt å nytte desse areala, skal dei settast i den stand som dei var i før ein starta anleggsarbeidet.»

Grensa mellom reguleringsplanen og kommuneplanen går fram av utsnitt frå plankartet over ortofoto frå 2013:



Byggesaksforskrifta (SAK10) § 4-2, bokstav (a), inneheld følgjande unntak frå søknadsplikten for tiltak etter lova:

«Følgende tiltak kan plasseres uten søknad eller tillatelse:

a) Bygninger, konstruksjoner eller anlegg på eller i direkte tilknytning til bygge- eller anleggstomt hvor arbeid pågår».

I rettleiinga til unntaket framgår mellom anna følgjande:

«I forbindelse med byggevirksomhet kan det være praktisk med et anlegg for bearbeiding av masser fra anleggsarbeidet. Dette kan anses som et anlegg som omfattes av unntaksbestemmelsen. Det må imidlertid trekkes en grense for når dette må anses som et selvstendig anlegg, som i seg selv ikke har en tilstrekkelig tilknytning til bygge- eller anleggsvirksomheten på tomte. Dersom det drives foredling av masser, som egen virksomhet med f.eks. videresalg, vil det falle utenfor unntaket. Dersom de bearbejdede massene går tilbake til f.eks. terreng- og planeringsarbeid på den aktuelle tomte, kan det aktuelle anlegget omfattes av unntaket. For at et deponi av masser på bygge- eller anleggstomt kan unntas, må det i denne sammenheng vurderes om det er mulig med en tilbakeføring uten skade på bevaringsverdige areal.

Terrenginngrep kan omfattes av unntaket. Terrenginngrep som omfattes av bestemmelsen bør være av en slik karakter at de kan tilbakeføres og ikke blir permanente etter at anleggsperioden er over. Terrenginngrep vil i større eller mindre grad være mulig å tilbakeføre til slik terrenget var før inngrepet ble gjort. Dette vil avhenge av terrenginngrepets karakter.»

Tilhøve til tidlegare godkjent bakkeplanering/Jorddeponi:

Kommunen har tidlegare gitt løyve til drift og ferdigstilling av jordtipp på arealet som naboklagen gjeld (arkivsakid 05/838). Saka har historikk tilbake til 2002. Frist for ferdigstilling blei gjennom vedtak dagsett 5.4.2011, DS-156711, sett til 1.4.2013. Ved utløp av fristen var tiltaket ikkje ferdigstilt.

Etter krav frå Meland kommune blei tiltaket (jordtipp/bakkeplanering) omsøkt på nytt gjennom søknad journalført motteke 10.4.2015. Søknaden var mangelfull og kommunen har bedt om supplerande opplysningar. Kommunen har tidlegare vurdert at tiltaket ikkje krev dispensasjon frå kommeplanen for ferdigstilling.

Opplysningar frå tiltakshavar:

I møte med kommunen 28.6.2016 har Roar Sudmann (tiltakshavar) opplyst at det i anleggsperioden for Statens vegvesen sine arbeider med E39 har vore vanskeleg å samtidig arbeide med jordtippen. Deler av areal som var ferdigstilt som jordbruksareal har blitt øydelagt i samband med vegarbeida og andre arbeid knytt til fjerning av høgspenntaster og graving for kablar/teknisk infrastruktur. Dette er årsaken til at søknaden enno ikkje er blitt supplert.

Vidare har tiltakshavar opplyst at han har vurdert driften av det mobile steinknuseverket til ikkje å vere i strid med plangrunnlaget. Arealet som har vore nytte til steinkusing er mellombels beslaglagt gjennom reguleringsplanen for E39 som anlegg- og riggområde. Og vidare at verksemda heller ikkje er søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Sistnemnde med den grunngeving at verksemda ikkje inneber terrenginngrep, men bearbeiding av tilkjørte massar. Ved utføring av arbeida har tiltakshavar opplyst at drifta verksemda skjer i samsvar med folkehelselov, arbeidsmiljølov og gjeldande retningslinje for støy.

Vurdering - Avsluttande merknader til motteke naboklage:

Administrasjonen har med tilvising til reguleringsplanen for E38 og SAK10 § 4-2, bokstav (a) vurdert at mellomlagring og bearbeiding av masser på aktuelt areal ikkje er søknadspliktig etter plan- og bygningslova. I anleggsperioden for E39 har tiltaka heller ikkje vore vurdert å vere i strid med korkje reguleringsplanen sitt arealformål eller kommuneplanen i høve til arealformålet LNFR. På bakgrunn av dette har administrasjonen i dag ikkje grunnlag for å følgje opp saka etter plan- og bygningslova kap 32 om ulovlegheitsoppfølging.

På bakgrunn av det som er sagt ovanfor kan administrasjonen ikkje sjå at kommunen som bygningsstyresmakt – slik planstatus i dag er – har grunnlag for å stille vilkår/restriksjonar knytt til arbeidstider gjennom plan- og bygningslova sitt regelverk.

Administrasjonen er kjent med at støyproblematikken har vore vurdert av kommunelege/fylkesmann etter folkehelselova, men finn ikkje grunn til å kommentere denne handsaminga.

Når arbeida med E39 på Flatøy er ferdig, vil planstatus og situasjonen knytt til verksemda på aktuelt areal endre seg. Areal avsett til anlegg- og riggområde vil igjen få status som LNFR- område gjennom kommuneplanen. Bruk av areal og verksemd som i dag er omfatta av unntaket frå søknadsplikt gjennom SAK10 § 4-2 bokstav (a) vil ikkje lenger vere unntatt frå søknadsplikt. Området skal tilbakeførast til situasjonen før arbeida med E39 tok til i samsvar med det som er fastsett i vedteken reguleringsplan.

Drift av mobilt steinknuseverk vil etter ei førebels vurdering frå administrasjonen ikkje vere i samsvar ordinær landbruksdrift, men ei næringsverksemd som ikkje er omfatta av landbruksomgrepet. Vidare drift og ferdigstilling av bakkeplanering/jordtipp, vil vere avhengig av godkjenning i samsvar med tidlegare krav stilt av kommunen.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Implenia v/Thomas Arnesen